

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Sola Strand hotel, Stavanger
MØTETIDSPUNKT: 01.10.2019, kl. 15.30 – 17.30

Styremøte var ope for publikum og presse

.....

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Trude Marit Risnes	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Eivind Hansen	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Arve Varden	Medlem
Bente Aae	Medlem
Gunvald A. Iversen	Medlem
Marit Jacobsen	Medlem
Ragnhild Winum	1. varamedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Marianne Saugestad	Medlem
--------------------	--------

DELTAKARAR FRÅ FØRETAKET

Jon Bolstad	Administrerende direktør
Christer Bakke Frantzen	Fagdirektør
Ola Rye	Økonomidirektør
Berit Beate Berntsen	HR- og org. direktør
Ørjan Lundgren	Kommunikasjonsleiar
Grethe Bjørndal	Kontorsjef (referent)

SAKLISTE

Sak	019/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	020/19	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 13.06.2019	Vedlagt
Sak	021/19	Administrerande direktør si orientering	Vedlagt
Sak	022/19	Innspeil til ny plan for internrevisjon i Helse Vest (2020-2022)	Vedlagt
Sak	023/19	Årsplan styret 2020	Vedlagt
Sak	024/19	Arbeid med eindose i Helse Vest – løypemelding	Vedlagt
Sak	025/19	Revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak	Vedlagt

UNDERLAG

Saker til orientering:

Sak 029/19 Eventuelt

Skriv og meldingar.

Lukka del

Sak 026/19, 027/19 og 028/19 blir handsama i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 026/19	Verksemdsrapport per august 2019 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 027/19	Beredskapsplan for Sjukehusapoteka Vest HF (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
Sak 028/19	Tiltak for auka sal i publikumsavdelingane (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt

Styret sitt kvarter.

OPE DEL

Sak 019/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner innkalling og dagsorden.

Sak 020/19 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 13.06.2019

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner protokollen frå styremøte 13.06.2019.

Sak 021/19 Administrerande direktør si orientering

1. Status funn revisjonar
2. «Medisinstart over video», utviklings- og innovasjonsprosjekt
3. Prosess for handtering av store hendingar
4. Sluttrapportering pilotprosjekt ved SUS/Sjukehusapoteket i Stavanger: «Tilberedning av legemidler ved intensiv- og nyfødtafdeling SUS»
5. Oversikt over aktuelle høyringar.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek meldingane til orientering. Status for arbeid med oppfølging av pilotprosjekt ved SUS/Sjukehusapoteket i Stavanger blir lagt fram i neste styremøte.

Sak 022/19 Innspel til ny plan for internrevisjon i Helse Vest (2020-2021)

Internrevisjonen i Helse Vest har invitert føretaka til å kome med innspel til regional plan for internrevisjon (2020-2021).

Vedtak (samrøystes)

Som innspel til Internrevisjonen, Helse Vest RHF sin Regional plan for internrevisjon (2020-2021) foreslår SAV at tilverking av legemiddel i sjukehusavdeling blir tema for revisjon.

Sak 023/19 Årsplan styret 2020

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner årsplan for styret 2020, med datoar for styremøter 12.03.2020, 18.06.2020, 29.09.2020 og 10.12.2020.

Sak 024/19 Arbeid med eindose i Helse Vest - løypemelding

Oppsummering

Gjennom LOP-prosjekta og prinsippvedtak i SAV styremøte er det lagt til grunn bruk av ikkje-pasientbunden eindose i Helse Vest. I dag er eindosepakka legemidlar teken i bruk i Helse Fonna, Helse Stavanger og ved Haraldsplass Diakonale Sjukehus.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek saka om status i arbeidet med eindose til vitande. Ny status for arbeid blir lagt fram i neste styremøte.

Sak 025/19 Revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak

Oppsummering

Ein revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak vart godkjent i Styret i Helse Vest 05.09.2019.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek revidert rettleiar for styrearbeid i helseføretak til vitande.

Sak 029/19 Eventuelt

Oppsummering

Under Eventuelt vart meldt inn sak om permisjon med lønn for medarbeidarar som deltek i arbeid i den frivillige organisasjonen «Farmasøyter uten grenser».

Vedtak (samrøystes)

Styret fastheld prinsipp om at permisjonssøknader skal behandlast av administrasjon/linje.

LUKKA DEL

Møte blei lukka etter Helseføretakslova §26a, 2.ledd nr 4.

Sak 026/19 Verksemdsrapport per august 2019

Oppsummering

Rapporten vart gjennomgått.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapport frå verksemda per august 2019 til vitande.

Sak 027/18 Beredskapsplan for Sjukehusapoteka Vest HF**Oppsummering**

SAV beredskapsplan er oppdatert i tråd med føringar i regionalt beredskapsplanverk, medrekna risikovurdering med analyse av initial og justert risiko.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner Beredskapsplan for Sjukehusapoteka Vest HF.

Sak 028/18 Tiltak for auka sal i publikumsavdelingane**Oppsummering**

Publikumsavdelingane arbeidar kontinuerleg med å styrke kultur for sal- og service samt å auke kvaliteten på rådgjevinga i kundemøtet. Det systematiske arbeidet med resultatoppfølging og forbetningsarbeid er vidareført i 2019.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek orientering om status for arbeidet med publikumsutsala til vitande. Ny status for arbeid blir lagt fram i neste styremøte.

Grethe Bjørndal
referent
01.10.2019

.....
Elektronisk signering av protokoll i Admincontrol.